

# Ål kommune

## SAMLA SAKSFRAMLEGG

### MØTEBOK

Arkivsak: 00/01367

#### 56/49 - 56/48 - 56/47 -56/45 - TETT TANK TIL VASSKLOSSET

Sakshands.:	Narve Thorset	Arkivkode:	56/49-56/48-56/47-56/45
<b>Saksnr.:</b>	<b>Utval</b>		<b>Møtedato</b>
0015/03	Teknisk hovudutval		11.02.03
0015/03	Teknisk hovudutval		24.02.03

#### 56/49 - 56/48 - 56/47 -56/45 - VASSKLOSETT TIL TETT TANK

##### Saka vert avgjort av:

Teknisk hovudutval

##### Vedlegg:

Brev frå Ål Hyttebygg av 17.10.00

##### Dokument i saka:

##### Saksopplysningar:

Vi har vedteke avløpsforskrifter for anlegg under 15 pe. I desse forskriftene står det ingenting om tett tank. Det har vore usikkerhet om korleis ein skal stille seg til nedsetjing av tette tankar for avløpsvatn. Likefullt er det sett ned mange tette tankar, nokon med lovleg løyve. Ål Hyttebygg har tolka regelverket slik at tett tank er ikkje noko utslepp.

Difor er det deira firma som står for det meste av tette tankar som er sett ned i kommunen vår.

Vi har kapasitet på renseanlegget til å ta i mot avløpsvatn frå tette tankar om det ikkje vert mata inn for fort på anlegget. Ein nyttar i dag tømmekum for campingbilar som ligg like ved brua over til tippen.

##### Forhold til overordna plan:

##### Helse- /og miljøkonsekvensar:

Det er bra for miljøet om dette området kjem under kontroll. Truleg er det ein del avgifter å hente også.

**Økonomiske konsekvensar:**

Utslepp til tette tank er pr. definisjon eit utslepp og er mest aktuelt for hytter. For dei som får setje ned tette tankar, vert det anleggsmessig billegare enn bygging av jordrenseanlegg. Driftsmessig vert jordrenseanlegg mykje rimelegare.

**Vurdering:**

Tett tank kan vera aktuelt for både vaskevattn og sokalla svartvattn. I dei fleste tilfeller vert det laga jordrenseanlegg for vaskevattn, og tett tank for WC.

Vi har innhenta reglar for nedsetjing av tette tankar for avløpsvattn i nabokommunen vår, Nore og Uvdal. Følgjande reglar gjeld der:

Alle andre tekniske løysingar skal vera utprøvd før det vert utarbeida søknad om tett tank.

Følgjande krav skal vera oppfylt:

- Avstand til heilårsveg skal vera mindre enn 30 m.
- Botn av tanken skal liggje mindre enn 6 m under vegnivå.
- Tankens våtvolum er minst 6 m<sup>3</sup>.
- det skal monterast varsel for høgt nivå i tanken.
- Tømming vert innlemma i den kommunale tømmeordninga og skal tømast minst ei gong pr år. Dersom hyppigare tømming, skal det avtalast med kommunen.
- Tanken skal trykkprøvast til 0,1 - 0,2 bar ved kvar tømming. Trykkprøvinga skal dokumenterast og uoppfordra leverast kommunen.
- Alt utstyr skal vera vassparande.
- Etter at tanken er sett ned og før massane vert fylt inntil, skal kommunen ha høve til å synfare den.
- Arbeida skal dokumenterast med kontrollplan og fotodokumentasjon.
- Røyrleggjararbeida skal dokumenterast i høve til sanitærnormen
- Alt røyropplegg skal vera isolert.
- Samletanken skal vera godkjent for nødvendig overtrykk, min. tilsvarande vasstrykk-høgdeforsjell hytte tank.
  
- Hytteeigaren pliktar å føre tilsyn med antall gjestedøgn.
- Hytteeigaren pliktar å utbedre anlegget utan ugrunna opphald dersom det skulle syne seg nødvendig
- Dersom det i framtida skulle koma kommunalt anlegg eller fellesanlegg, pliktar hytteeigaren (med utslepp) å koble seg til dette.
  
- Dersom det er fall ut i terrenget frå botn av tanken, skal det leggjast eit pukklag under tanken og føre ein drensledning ut i dagen for inspeksjon.
- Dersom botn av tanken er lågare enn grunnvasstanden, må ein legge drens eller laste ned tanken på ein slik måte at den ikkje flyt opp etter tømming.

**Rådmannen si innstilling:**

Teknisk hovudutval godkjenner nedsetjing av tett tank for avløpsvatn i samsvar med ovannemnte regelverk.

Tankar som er sett ned tidlegare, og som ikkje har godkjent løyve, må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

Teknisk sektor, 06.02.03

Kjell Kløve  
sektorleiar

Narve Thorset  
sakshandsamar

**Teknisk hovudutval handsama saka den 11.02.03, saksnr. 0015/03****Handsaming:**

Saka vart ikkje behandla. Vert behandla 24.02.03.

**Samrøystes vedtak:**

Saka vart ikkje behandla. Vert behandla 24.02.03.

**Teknisk hovudutval handsama saka den 24.02.03, saksnr. 0015/03****Handsaming:**

Samrøystes vedtak - som rådmannen si innstilling.

**Samrøystes vedtak:**

Teknisk hovudutval godkjenner nedsetjing av tett tank for avløpsvatn i samsvar med ovannemnte regelverk.

Tankar som er sett ned tidlegare, og som ikkje har godkjent løyve, må vurderast i kvart enkelt tilfelle.